



Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2861 - 19/2082

Saksbehandlar:
Sigrid Fivelstad
sigrid.fivelstad@meland.kommune.no

31.01.2019

2017/17596: Rapport om tilskot til verna kulturminne i Hordaland

Eldhuset på Gripen gard vart tildelt kr 40 000

Sikring av eldhusomnen og pipe vart gjennomført slik at arbeidet på eldhustaket kunne byrje. Halve taket er no restaurert med tak av den gamle steinen, medan det står att litt arbeid på den andre halvdel. Eldhuset er i drift, men det er framleis fleire tiltak som må utbetrast før huset er ferdig vølt. Meland kommune har i tillegg til Hordaland Fylkeskommune ytt 20 000,- i tilskot. Gripen Gard ved Helene Olli Sollid har sendt rapport med rekneskap, bilag og før/etter-fotodokumentasjon.

Prestebryggja på Husebø vart tildelt kr 40 000

Arbeidet med restaurering av Prestebryggja er fullført og ho er no i god stand og i presentabel forfatning. Tørrmuringsarbeidet vart avslutta i november 2018. God prosjektstyring førte til at prosjektet fekk ein total kostnad på 29 466,- altså mindre enn dei vart løyva. Holsnøy Kystlag har sendt rapport med kvitteringar for utgiftene etter ferdigstilling av brygga.

Meland kommune søkte Fylkeskommunen om å nytte dei resterande midlane til dei to andre prosjekta som var tildelt stønad i 2018, og fekk innvilga omdisponering av midlane av Fylkeskonservatoren.

Uthus ved Holmestova vart tildelt kr 30 000

Eigarar av Holmestova har fått estimert ein kostnad på kring 177 525,- frå Museumssenteret i Hordaland. Restaureringsprosjektet har motteke 50 000,- frå Meland kommune i 2017 og 30 000 frå Hordaland Fylkeskommune i 2018. Dei planlegg å søkje om nye tilskot for 2019. Eigarane har sendt søknad om å utsette restaureringa til dei veit om dei mottek meir tilskot for 2019. Per dags dato har dei ein eigenkapital på kr 97000,-

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Meland kommune søkte Fylkeskommunen om å utsette utbetalinga til Holmestova til meir finansiering er på plass. Dette vart innvilga av Fylkeskonservatoren.

Oversikt over utbetalte midlar

Tiltak	Tildelt	Utbetalt
Eldhus på Gripen Gard	40 000	40 000
Presebryggja på Husebø	40 000	29 466
Uthus ved Holmestova	30 000	0
Sum	110 000	69 466

Med helsing

Sigrid Fivelstad
Kulturkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Hordaland fylkeskommune Kultur-
og Idrettsavdelinga

Postboks 7900

5020

BERGEN